

# Sakspapir

| Saksbehandlar     | Arkiv              | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Kari Anne Iversen | FA - C83, TI - &16 | 16/1185    |

| Saksnr  | Utvalg        | Type | Dato       |
|---------|---------------|------|------------|
| 45/2016 | Kommunestyret | PS   | 11.05.2016 |
| 58/2016 | Kommunestyret | PS   | 15.06.2016 |

## Søknad om fritak frå politiske verv

### Vedlegg:

Søknad om fritak frå politiske verv

Søknad om fritak frå politiske verv

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har per 02.05.16 motteke søknad frå Ida Cecilie Alvær om fritak frå politiske verv. Søknaden er ikkje avgrensa i tid, og administrasjonen legg til grunn at han då gjeld for resten av perioden.

Søknaden er i tilleggsskriv grunngjeven med personlege tilhøve, med særskilt vekt på omsorgsoppgåver og familiesituasjon.

Ida Cecile Alvær har desse verva: Varamedlem til kommunestyret og varamedlem til Utval for levekår.

#### Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 kan kommunestyret etter søknad frita for eit kortare tidsrom eller for heile perioden «*den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.*» Av kommentarutgåva til kommunelova går det fram at fritaksgrunn i første rekkje vil vere søkjar sine arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar som gjer det ekstra byrdefylt å oppfylle dei plikter som vervet medfører.

Søkjar har gitt utfyllande opplysningar om bakgrunnen for søknaden i tilleggsskriv, dat. 02.05.16 (ikkje off.) Slik administrasjonen vurderer desse opplysningane vil søknaden liggje innanfor dei kriteria som gjeld for fritak. Administrasjonen vil såleis tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecilie Alvær fritak frå alle politiske verv ut perioden. For vervet som varamedlem til kommunestyret rykkjer varamedlem frå same gruppe opp i den nummerorden dei er valde i. For vervet som varamedlem til ULK må det veljast nytt varamedlem. Den nye varamedlemmen skal då kome frå same partigruppe, jf. kommunelova § 16.

Det har elles vist seg at det kan vere grunnlag for at valstyret, ev. kommunestyret gjer eit

suppleringsval til den aktuelle varalista. Dette spørsmålet er under utgreiing og vil kome opp som ei eiga sak.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecile Alvær fritak frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden. Varamedlem til kommunestyret rykkjer opp i den nummerorden dei er valde i. For varamedlem til Utval for levekår må det gjerast nytt val.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode. Som nytt varamedlem til Utval for levekår vert vald.....»

### **Kommunestyret - 45/2016**

#### **KS - behandling:**

Kommunestyret utset val av nytt varamedlem til Utval for levekår.

#### **KS - vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode."

### **Kommunestyret - 58/2016**

#### **KS - behandling:**

**Sigmund Larsen, FrP, kom med framlegg på nytt varamedlem til Utval for levekår:**

"Roy Tore Skaar"

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

"Som nytt varamedlem til Utval for levekår vert vald Roy Tore Skaar."

